



North Sea trail

Utvær

Solund



På dørhella til Nordsjøen

Utanfor Sognefjorden, på nordsida, ligg eit uttal av små og større øyar som til saman utgjer Solund, den vest legaste kommunen i landet. Kring 20 av øyane er busette, og dei godt 900 menneske har 228 km² å boltre seg på. Nord-sørgåande sund lagar skilje mellom øyane og opnar 4 skipsleier gjennom kommunen. Gode hamner, overraskande livd og vegetasjon kjenneteiknar området.

Hardbakke er kommunesentrum. Solund-naturen er særmerkt med sitt sterkt skulpturelle berglandskap, oppbygd av fargerik konglomerat. På sein-sommaren står bergskrentar og Lyngvidder overveldande dekorerte med blømande purpur og røsslyng. Folk, sau og hjort røktar kulturlandskapet, men lettare beiting i seinare år gjer at eineren er på frammarsj.

Utvær

I ei fortetta gruppe av holmar og øyar rammar dei største inn Utværsvågen. Moloen knyter desse tre saman og gjer det livleg i hamna, ja nesten sørlandsk sommarsdagen. Utværsøyna er størst og gav plass for to gardsbruk. Tillegsfør henta dei frå slotteholmar og tareberg. Dyra beitte på utøyane og var mest like båtvane som folket. Under sesongfisket var det trangt om liggeplassen.

Med kortaste vegen til Shetland låg Utvær som ei dørhelle for ferdsla til og frå Nordsjøen, siste verds-krigen vart ei ny påminning om dette.

Utvær

Fasilitetar



Hytteutleige



Nordsjøløypa



Utvær med fyrstasjonen

Løypa

Stien ligg i heller flatt lende kring Utværsvågen og går over (litt fuktig) grasmark og bergrabbar. Høveleg fottøy er joggeskor eller småstøvlar. Turen passar for dei fleste og tek ein time eller halvannen, men då er du også komen til Paradis!

Vandringsvegen på Utvær

Båten fører deg inn tronge Utværsvågen, med vakre sjøhus på begge sider, og med dei eldste buene høgast grunnmur. Turen startar på austsida av vågen, frå kaia der du også finn infotavle på buaveggen. Løypa er merkt med blå farge og går opp skråninga mot sør. Du får straks meir oversyn over busetnaden og har berre kort veg opp til gravplassen. Her stod Utvær kapell og her kan du endå kjenne grastuer etter graver. Den vesle minnesteinen vitnar om historisk og heilag grunn. Her las katolske prestar messer og føretok kyrkjelege handlingar i fleire hundre år før luthersk ordning vart innført.

Ankeret kom på plass i høve tusenårsmarkeringa for kristendomen, og knyter samtidig band til kapellet som var vigd Sankt Klemens, vernehelgenen for sjøfolk og ankersmedar. Høgda her er fint utgangspunkt for fotografering. Følg så stien sørover til du kjem ned til Likberget, Plassen dei tok døde på land under gravferd. Her ser du brynesteinen i berget, velbrukt gjennom tidene til skjerping av ymse slag bitjern. Det seiast at vikingane også skal ha kvest ei egg og to her.

Vegen attende går bak den eldre husklynga. På høgste punktet her bør du stoppe og sjå deg rundt. Den høgste av øyane i aust er Begla, der var det sommarbeite for kyrne. Steinsøyna er ei av dei små øyane i vest, der ligg det vestlegaste punktet i landet vårt.

På stien møter du eit skilt som viser attende til kaia, men du bør ikkje avslutte turen her. På di vidare ferd går du over Sandøyana mot skulehuset. Etter at skulen vart nedlagd, held fugleforskaren Johan F.

Willgoths til her, han har registrert og samla kunnskap om ei mengd ulike fuglar i Utvær og Solund. På moloen får du ei aning om korleis Utvær kryp saman når storsjøen frå nordvest endåtil greier å sende brot over det høge moloedekket. Fyrstasjonen, med utsikt frå galleriet, er hovudattraksjonen på Utvær. Ta den opplevinga med dersom fyret er ope for omvisning.

Endepunktet for vandringa, naturhagen Paradis, ligg i ei eventyrgrøte på sørsippen av Kjolungneset. Eldsjeler på Utvær har sett i stand att kjøkkenhagen til fyrmeisterassistenten. Du slepp kanskje å gå rundt vågen attende, det kan vere at skyssbåten hentar deg på fyrkaia dersom ho er ledig.



Brynesteinen i Likberget

Sjøhusmiljø ved Utværsvågen





Utvær med den gamle fyrstasjonen omlag 1930.

Moloen

I alle tider var fisket hovednæringsveg på Utvær. Kort veg til fiskefeltet gjorde været til eit senter i sesongbasert fiskeri. Men før moloen vart bygd, sto svære brot i stover gjennom Nordsundet og inn i vågen. Etter eitt års byggetid stod moloen ferdig hausten 1918. Blokkene vart skotne ut på staden. Arbeidet kosta 61 tusen og omfatta også oppbygging av Sandøyeidet. Endå om her framleis kan vere stor oppgang og mykje drag i hardt pålandsver, var hamna som omskapt. Nye sjøhus trong ikkje så høge murar lenger, og borna har lun badefjære.



norsk bildetekst manglar?????????
Sjønellik???



norsk bildetekst manglar?????
Havhest

Fyrstasjonen

Det var året 1900 dette monumentale byggverket vart oppsett. Sjølve fyrapparatet frå Paris vekte interesse der det sto utstilt på Bergensutstillinga 1898. fyrtårnet i støypejern ragar 31 meter over berget og sender lyskjelda i 45 meters høgde over haveflata. Lysblinken kvart 30. sekund når 35 km ut i Nordsjøen.

Under krigen var fyret sløkt. Tyskarane etablerte fast vaktstasjon på fyret i 1944. I februar 1945 skaut allierte fly fyrtårnet i brann. Tårnet vart sterkt skada i toppen og fyrmeisterbustaden brann ned. Først i 1952 var fyret restaurert. Før brannen var det litt høgare og hadde to galleri kring lampehuset. fyret er er formidabel ingeniørkunst og eit samlande element i området med stor miljøskapande verdi, derfor står det også på vernelista til riksantikvaren.

Skuleklasse ved Utvær skule omlag 1940



Skulehuset

Etter at grunneigaren gav tomt, kommunen bygde grunnen og utværsfolket kosta huset i 1938/39, slapp borna å bu borte. Høgste elevtal var om lag 15, i krigstida. Fråflytting undergrov grunnlaget for skulen på 60-talet, siste åra var her berre vinter-skule. Private eig skulehuset i dag.

Begla

Berre på utsida av øya Begla er såpass skjerma at ein kan komme på land frå båt, men her skal visstnok aldri ha budd folk. Både denne og dei andre Utvær-øyane har eit yrande mylder av sjøfugl. På det vide platået oppå var godt beite, men og huldrekry. Ei segn fortel at to kvinner på mjølkeferd rodde seg vekk i skodda og hamna i Skotland. På

sørvestsida ligg den vesle Beglevågen, her vart våpenlageret under oppdaga og to brør frå Husøy overlevde så vidt åra i konsentrasjonsleirane.

Kapellet

Ei lokal segn knyter kapellet til Sunnivallegenda då den tredje av kongsdøtrene, Ingebjørg skulle ha kome til Utvær. Først i 1320-åra høyrer vi om kapellet i skriftelege kjelder, men sidan det kring 1200 gjekk av moten å vigse kyrkjer til St. Klemens, er det truleg godt eldre. I første tida hadde kapellet eigen prest. Kyrkjehuset utan tårn stod høgst på knausane og tente nok sjøfarande like mykje som bufaste. Inntekt var gåver, fisketiend og utleige av sauer og kyr. Sjørøvarar plyndra kapellet i 1667. I seinare tid kom presten ut frå Eivindvik, og messefall pga uver var heller vanleg. Kapellet vart i 1718 flytta til Husøy.

Stadnamn

Utvær er naturnamnet som gav seg sjølv: Været som litt lengst ute. Utvær vart også første namnet då Solundssjøane vart eigen kommune i 1854. Frå middelalderen kjenner vi Utvær skipreie som nemning på forsvarsområde på nordsida av sognesjøen.

Kommunikasjon

Samband utover til Utvær går med rask skyssbåt frå Kolgrov. Sjølv med 2-3 stopp på vegen går turen unna på halvtimen. Sjå Fykesbaatane sitt rutehefte om førehandstinging. I sommarmånadane går det båtturar til Utvær. Kontakt turistinformasjonen. Dei fleste som kjem til Utvær, reiser på eigen kjø. Ukjende bør ha godt ver.



ALLEMANNRETTEI GJELD I UTMARK

Rettar:

- Ferdast fritt til fots og på ski
- Raste og overnatte
- Ri eller sykle på stiar og vegar
- Ferdast fritt i båt, fortøye og gå i land i utmark langs kysten
- Plukke bær, sopp og blomar
- Bade i sjø, vatten og vassdrag
- Fiske med sportsfiskereiskap etter saltvassfisk

Plikter:

- Ikkje skade naturmiljøet eller uroe dyr og fuglar
- Ikkje gå i dyrka mark og eng
- Ikkje gjere opp eld i skog og mark mellom 15. april og 15. september
- Hundar skal vere i band på offentlig veg eller i naturen. I utmark er det bandtvang i tida 1. april til 15. oktober og når dyr er på beite.

NB

Vis omsyn til folk i husa, - ver gild å hald deg til den merka løypa!

1. april til 31. juli er det ferdselsforbod i Utvær naturreservat (omfattar alle holmar og skjær kring Utvær)

Meir informasjon:
Turistinformasjonen:
tlf.: 57 73 90 20
Solund kommune:
tlf.: 57 78 62 00
Rute info: 177

Tekst:
Hans Steinsund
Foto:
Magne Hamre, Tor
Arne Hauge og Stig
Steinsund

Teikning:
Rune Roaldkvam
Kart:
Sverre Mo
Formgeving:
Eko, Førde



Nordsjøløypa
NAVE Nortrail er eit samarbeid for vern av Nordsjøregionen si felles kulturarv som kommunikasjon og transportåre.

Supported by Interreg. IIIB